

14/3897

ADVOKATFIRMAET  
**JUDICIUM DA**

Lindås kommune  
 v/ Ordføreren  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25. 04. 2014	
Ark. saknr.:	Løpnr.:
Saknr.:	Tilgangskonto

ADVOKATER MNA:

IVAR WINJUM  
 NILS E. TANGEDAL  
 GUNNAR NÆSS  
 HELGE POSNER  
 LASSE SOLBERG  
 MARIT H. HÅKONSEN  
 HILDE SKARE  
 BENGT WALDOW

Bergen, den 24.04.2014  
 e-post: winjum@judicium.no  
 Sak nr.: 5403

**VEDK. KOMMUNAL VEG TIL SKARSVÅGEN**

Underteikna representerer eigar av av gnr. 147 bnr. 8 i Lindås, Johan Litleskare.

Det framgår at saka om den kommunale vegen til Skarsvågen har versert meir eller mindre samanhengande sidan 1987. Kjernepunktet i saka er at den kommunale vegen legg beslag på vesentleg meir areal på gnr. 147 bnr. 8 enn kva det er rettsleg grunnlag for. Johan Litleskare har prøvd å få kommunen til å ordna opp i tilhøva på staden – noko som han bevisleg har fått verbal tilslutning til frå kommunen si side – men ingenting skjer. Eg viser til vedlagt brev av 22.d.m. frå Litleskare til Lindås kommune der han gir eit resymé av saka og varslar om at han vil gjenopprette tilstanden slik den var i perioden 2004-2010 og i 2013.

Det er i all hovudsak trafikken til og frå gnr. 147 bnr. 26 (Sjøkanten Eigedomsutvikling AS) som gjer det naudsynt å finne ei løysing på saka.

Vi ber om tilbakemelding på om Lindås kommune kan presentere ei løysing på denne saka no slik at ein unngår at saka igjen kjem på spissen.

Med helsing



Ivar Winjum  
 advokat